



FREDA: Dette er den freda husmannsplassen "Ystebø-træet". Murane nesten er like fine som då dei vart sette opp.



FOR ETTERTIDA: Historikar Kenneth Bratland (t.h) er interessert i gamle brev og bilete som kan fortelje om utvandringa til Amerika. Her får han vitjing av Olaf Midtgård som er innom med nokre bilete av slektingane sine.



FØRSTE LÅVEBRUA: Dette er løa på garden Sletten, Gnr. 95, bnr.1. Det er den første løa i distriktet som vart sett opp med låvebru.

Amerikansk velstand på Sletta

SLETTA: Ein del av bygningsmassen på Sletta er bygd opp av Amerika-pengar.

EGIL OLSVOLD

Cand. Philol. Asbjørn Ystebø tar oss med på ein tur til nokre av gardane på Sletta som har ei rik "Amerika-historie" å fortelje.

Ystebø fortel om dei tre store utvandringsbølgjene frå 1865 og fram mot utbrotet av første verdskrigen. Mange såg på denne "landrøminga" som eit trugsmål mot Norge si framtid, og ei utarming av landet. Minst 1100 radværingar har etablert seg som varige emigrantar i Nord-Amerika. Mange av desse kom frå Sletta.

– Men dette var slett ikkje ei utarming av landet. I ein-skilde år vert det hevda at nordmenn i Amerika sende heim om lag 20 mill. kroner årleg til dei som sat att heime. På same tida var statsbudsjettet på om lag 50 mill. Det gir visse perspektiv.

"Amerika" i lokalmiljøet

Ein av gardane vi er innom er Søre Sletten. På 1920-40 talet var garden kalla "Amerika" på folkemunne.

–Garden Sletten (Gnr. 95, bnr.1) vart overdregen frå Nils (d.e.) Sletten til sonen John Sletten. Han delte garden mellom to av sønene sine, Nils og Ananias. Begge desse to gardane vart bygde opp av pengar som desse brørne henta gjennom arbeidsinnsats i Amerika. Her finn vi og den første løa på Sletta med låvebru.

Amerika-draumen

"Heljetræ" (Gnr. 98, bnr. 4) er dalen som ligg på vestsida av Sletta-renen, og skal ha fått namnet sitt etter husmannen Helje (Helge) som dyrka opp litt innmark og bygde opp ei lita stove på ein knaus nede i dalen. Plassen vart i 1892 kjøpt av Jonas og Anna Vabø. Alle dei fire sønene deira, Martin, Jonas, Ole og Mons utvandra til Amerika. Odelsguten Martin og Ole, gjesta barndomsheimen og sende pengar heim frå Amerika. Med slike midlar vart "Heljetræ" dyrka opp til registrerte 63,5 dekar innmark, ein stor gard på den tida. Den fattige husmannsplassen vart soleis omforma til ein av dei mest velbygde gardane på Sletta, og eit uttrykk for "Amerika-draumen" – den draumen som omforma fattigstova i "gamlandet" til synleg velstand.

Historier frå "over there"

Olav Gjerde er no 74 år gamal, og yngste son etter Leonard Gjerde, frå garden Gjerde, gnr. 100, bnr.2. Faren var to gonger i Amerika for å skaffe pengar til utvikling av gardsbruket. Første gongen reiste han over saman med den "røynde" norskamerikanaren August Ystebø. Då var han 19 år gamal. Dei to heldt god kontakt seinare, og Olav hugsar godt når dei to karane "drøste" om livet i Amerika. Mange gode historier la han seg på minnet.

Ystebø-træet

Ein av dei siste plassane vi vitjar er Ystebø-træet. Ein husmannsplass, der fleire emigrerte til Amerika. Huset er no freda, og dei forseggjorde steinmurane står like godt som då dei vart mura opp.

Nyheiter frå Amerika

Alle i bygda ville vita korleis det gjekk med dei "over there". Difor var det stor stas når postbåten, "dampen", kom med "Amerika-brev". –Ofte kunne desse verte lesne opp på kaien, kunne Asbjørn fortelje.

Kjelder: Cand. Philol. Asbjørn Ystebø
Heftet "Pionerliv i Amerika og bygdeutvikling på Sletta"



SPENNANDE FORTELJING: Olav Gjerde er 74 år og frå garden Gjerde, Gnr. 100, bnr. 1. Han følgde godt med som liten gut når faren Leonard og norskamerikanaren August Ystebø fortalde historier frå tida deira i Amerika.